

Norske Kunstforeninger sitt medlemssystem

Norske Kunstforeninger bruker frå 2018 HyperSys som medlemssystem. HyperSys er spesielt utvikla for frivillige organisasjonar, for å forenkle og effektivisere kommunikasjonen med medlemsforeiningane. Kunstforeiningane er sjølve ansvarlege for å oppdatere opplysingar om kunstforeininga og styremedlemmene i HyperSys.

Systemet vil i tillegg på sikt verte brukt til innlevering av statistikk/årsrapport, registermelding til Brønnøysundregistrene, arrangementspåmelding og søknader om stønad. Kunstforeingar som ynskjer det, kan mot ei gunstig årsavgift bruke HyperSys som lokalt medlemssystem.

I denne brukarrettleiinga finn du ein gjennomgang av dei viktigaste funksjonane. Alle funksjonar er meir inngående skildra på HyperSys sine egne hjelpesider:


- <https://hjelp.hypersys.no/>

Dersom du står fast tek du kontakt med Malin Olivia Dahlberg på post@kunstforeninger.no eller telefon 22 42 20 35.

Innlogging første gong

Alle som er registrert som styremedlem i ei kunstforeining kan logge inn for å sjekke og oppdatere opplysingar om seg sjølv. Ein vil også få tilgang til å sjå kontaktinformasjon til kunstforeininga og kven andre som er registrert med verv i styret.

Alle styremedlemmer frå det gamle medlemssystemet er overført til HyperSys. Dersom oversikta over styret ikkje var oppdatert for 2017, eller du ikkje var registrert med e-postadresse/mobil vil du ikkje kunne logge inn. Då må ein annan i styret leggje til kontaktopplysingane dine, eller leggje deg til som brukar og tildele deg eit verv (sjå side 4), før du kan logge inn. Dersom ingen av desse heller har tilgang, tek du kontakt med Malin Dahlberg på post@kunstforeninger.no eller telefon 22 42 20 35.




Første gong du loggar inn, gjer du det på følgjande måte:

1. Gå til <https://kunstforeninger.hypersys.no>
2. Trykk på *Glemt passord*
3. Skriv inn di personlege e-postadresse og trykk på *Send nytt passord* (du skal altså ikkje bruke kunstforeininga si e-postadresse).
4. Du vil no motta ein e-post med ei lenke du skal klikke på for å opprette eit nytt passord. Lag eit nytt passord som du bruker neste gong du loggar inn. Dersom du ikkje mottek nokon e-post, sjekk søppelpostmappa. Sjekk at adressa du skreiv inn er den e-postadressa som allereie er registrert hos oss.
5. Dersom du har eit verv som gjev tilgang til å sjå andre sine personopplysingar, er to-faktor-innlogging aktivert. Det vil seie at du i tillegg til å logge inn med brukarnamn og passord, vil få tilsendt ein innloggingskode på SMS kvar gong du loggar inn. Dette er for å sikre at ingen uvedkomande skal kunne logge seg inn. Tast inn den seksifra talkoden og trykk *Valider*.

Neste gong du skal logge deg inn:

1. Gå til <https://kunstforeninger.hypersys.no>
2. Logg inn med di personlege e-postadresse og passordet du oppretta sist.
3. Legg inn koden du får tilsendt på SMS og trykk *Valider*

Brukarprofil – di personlege side

	Navn Navnesen (0)	Medlem (#)
Navn	Navn Navnesen	
Adresse	Ikke definert	
E-post	epost@unicornis.no	
Mobilnummer	+47 00000000	
Annen telefon	Annet telefonnummer ikke definert	
Fødselsdato	01.01.1990	
Kjønn	Mann	
Fakturamottaker		
Personnummer	Legg inn og verifiser	
Kontaktbar	Ja	
Familie	Familien Navnesen	

Kontoinnstillinger

To-faktor-autentisering er påkrevd for å logge inn

Lås denne brukeren (sperr fra å logge inn)

Når du loggar inn kjem du først til di eiga personlege side, der du kan oppdatere opplysingar som postadresse, e-post, telefon etc. Vi oppmodar alle om å registrere fødselsdato og personnummer, men det er valfritt om ein ynskjer å gjere det. Personnummeret vil ikkje visast for nokon, det vil berre stå at personnummer er verifisert. Registrering av personnummer er naudsynt for at kunstforeininga skal kunne sende oppdatert informasjon om styret direkte frå HyperSys til Brønnøysundregistrene. Dersom nokon av styremedlemmene ikkje skulle ynskje å registrere personnummeret sitt via HyperSys, må kunstforeininga som tidlegare, samle inn styreopplysingar manuelt og separat sende inn *Samordna registermelding* via Brønnøysundregistrene. NB! Merk at løysinga med automatisk rapportering frå HyperSys til Brønnøysundregistrene ikkje er på plass enno, dette vert truleg tilgjengeleg frå 2019. Inntil vidare må de altså melde inn styreendringar manuelt til Brønnøysundregistrene.

- Nærare forklaring: <https://hjelp.hypersys.no/kb/brukerprofil/>

Kva informasjon ynskjer du å motta frå oss?

Den nye personvernlova som trer i kraft juli 2018, har eit skjerpa krav til aktivt samtykke. Du må difor gje oss beskjed om korleis og kva type informasjon du ynskjer å motta frå oss. Dersom du ynskjer å motta nyhendebrev ein gong i månaden, tidsskriftet Kunst Pluss gratis i posten tre gonger i året, invitasjonar til arrangement og viktig informasjon på e-post, så må du aktivt gje oss beskjed.

Innstillinger og dynamiske data

Info arrangementer	Nei ▾
Motta nyhetsbrev	Nei ▾
Motta Kunst Pluss	Nei ▾
Info på e-post	Nei ▾

Oppdater

Desse innstillingane finn du på di eiga side under *Innstillingar og dynamiske data*. Som standard er desse vala sett til «Nei» – endre til «Ja» for det du ynskjer å motta og trykk «Oppdater». Du kan når som helst endre desse innstillingane i HyperSys. I nyhendebrevet er det også ei direkte utmeldingslenke.

NB! Etter juli 2018 vil berre styremedlemmer som har kryssa av for det, få informasjon og tidsskrift. Hugs difor å krysse av i god tid før. Kunstforeininga kan ikkje reservere seg mot informasjon frå oss, fordi vi må ha ei kontaktadresse for å kunne oppfylle avtalen om medlemskap. Dersom kunstforeininga nyttar styreleiar si private e-post/adresse, vil informasjon verte sendt til denne adressa, trass i at styreleiar kan ha reservert seg mot dette. Vi oppmodar difor alle om å opprette ei eiga e-postadresse til kunstforeininga. Om de ikkje har eit eige domene/e-postteneste, kan ein til dømes bruke Gmail, Yahoo e.l.

Meny og tilgang

Avhengig av kva verv og tilgangsnivå ein har vil ein kunne sjå ulike punkt i menyen: *Vår organisasjon*, *Medlemskap*, *Økonomi* og *Arrangement*. *Vår organisasjon* og *Arrangement* er tilgjengeleg for alle, medan dei andre funksjonane berre er opna for kunstforeiningar som har inngått avtale om å bruke HyperSys som sitt lokale medlemsregister. Dersom du likevel klikkar på eit av desse meny punkta, vil du få melding om at denne modulen ikkje er tilgjengeleg.

For å kome tilbake til den personlege brukarprofilen din, trykkjer du på Norske Kunstforeningar sin logo oppe i venstre hjørne.

NORSKE KUNSTFORENINGER

Alta kunstforening ▾

Vår organisasjon Medlemskap Økonomi Arrangementer

Modulen membership er ikke tilgjengelig for organisasjonen Alta kunstforening.

Organisasjonsprofil – opplysingar om kunstforeininga

i Om Testorg	
Grunninformasjon	
Navn	Testorganisasjonen Nasjonalt
Kort navn	Testorg
Nettside	http://hypersys.no/
E-post	medlem@org1.no
Mobilnummer	+47 22993740
Fastelefon	Ingen telefonnummer definert
Organisasjonsnummer	992838728
Stiftet	04.06.2016
Kan ha medlemmer	Ja
Mer informasjon	

Systemet er sett opp slik at alle med styreverv vil kunne sjå styresamansetjing og kontaktinformasjon til kunstforeininga. Styreleiar, nestleiar, kasserar og sekretær har utvida tilgang, og vil kunne endre og slette informasjon.

Logg inn med di personlege e-postadresse som forklart over. For å sjå informasjon om kunstforeininga/kunstlaget/kunsthallen peikar du på meny-punktet *Vår organisasjon*, og vel *Organisasjonsprofil*.

Her vil du sjå *Basisinformasjon* om foreininga, *Styre og andre organ*, *Kontaktinformasjon*. De kan også leggje til logo for kunstforeininga og leggje til ein kort omtale. Under basisinformasjon kan de trykkje på *Meir informasjon* for å leggje til organisasjonsnummer, bankkonto og stiftingsdato.

- Meir forklaring til dette her: <https://hjelp.hypersys.no/kb/organisasjonsprofil/>

Leggje til person

For at ein skal kunne leggje til ein ny styremedlem må vedkomande først vere registrert i HyperSys. For å leggje til ein ny person i HyperSys gjer ein følgjande:

Når du er innlogga i HyperSys, trykk på følgjande lenke:
<https://kunstforeininger.hypersys.no/auth/user/create/>

Legg inn personopplysingane. NB! E-postadresse er påkravd for at personen sjølv skal kunne logge inn.

Endre styre eller leggje til nytt styre



Trykk på blyanten etter namnet på styret for å gjere endringar. Denne funksjonen er berre tilgjengeleg for styreleiar, nestleiar og sekretær.

Ein får då vala *Endre dette organet* eller *Avløs Kunstforeningsstyre*.

Dersom ein har hatt årsmøte og har valt nytt styre, skal ein trykkje på **Avløs Kunstforeningsstyre**. Dette skal ein gjere kvart år, uavhengig av om det er endringar i styret eller ikkje, så snart som mogleg etter årsmøtet. Legg inn startdato for styret, søk opp styremedlemmer og vel verv for dei. Gje gjerne styret namn av typen: Styret 2018–2019.

NB! Ver merksam på at dersom du fjernar ditt eige verv når du er i ferd med å avløyse styret, så vil du miste tilgangen til å gjere fleire endringar. Endringane bør difor utførast av nokon som skal ha same verv som året før. Ta kontakt på telefon 22 42 20 35 eller post@kunstforeninger.no dersom du skulle miste tilgangen!

Dersom det skulle skje endringar i eit styre i løpet av ein periode (t.d. at ein styremedlem trekkjer seg), trykkjer ein på *Endre dette organet*. Trykk på krysset etter namnet for å slette ein styremedlem, og opplys om årsaka til at personen skal slettast.

- Meir forklaring til dette her: <https://hjelp.hypersys.no/kb/organer/>